

HARAM KOMMUNE

Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	20.09.2011	087/11	Turid Hanken
Kommunestyret	29.09.2011	058/11	Turid Hanken

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 026, 033	Arkivsaknr 11/642
---------------------------	--------------------	----------------------

Godkjenning av selskapsavtale for Sunnmøre Regionråd IKS

Framlegg frå Rådmannen:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere følgjande vedtak:

Haram kommunestyre godkjenner forslaget til ny selskapsavtale for Sunnmøre Regionråd IKS.

Behandling i Formannskapet den 20.09.2011:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS-087/11 Tilråding:

Haram kommunestyre godkjenner forslaget til ny selskapsavtale for Sunnmøre Regionråd IKS.

Behandling i Kommunestyret den 29.09.2011:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-058/11 Vedtak:

Haram kommunestyre godkjenner forslaget til ny selskapsavtale for Sunnmøre Regionråd IKS.

Vedlegg:

Brev til kommunane i ÅRU

Referat frå årsmøtet i ÅRU 9. juni 2011

Forslag til selskapsavtale for Sunnmøre Regionråd IKS

Saksutgreiing:

Det har gjennom fleire år pågått ein prosess for å utvide Ålesundsregionens Utviklingselskap (ÅRU) og innlemme kommunane på søre Sunnmøre, som har vore organisert i eit eige regionråd. Frå og med 1. januar 2011 har kommunane Hareid, Ulstein, Herøy og Sande vore tilslutta ÅRU. Vanylven har vore medlem i fleire år. Samla medlemsmasse i ÅRU er no 17 kommunar. Ørsta og Volda har vedteke å avvente innmelding, men har mottatt invitasjon og oppfordring til å melde seg inn av det sitjande ÅRU-styret.

ÅRU-kommunane har, gjennom tidlegare årsmøtevedtak , gjort vedtak om å vere pådrivar for å få samla Sunnmøre i eit regionråd. Årsmøtet 2011 tilrådde å sende selskapsavtalen til kommunane for uttale/godkjenning På denne bakgrunn er det for forhold det enkelte kommunestyre i IKS-samarbeidet må godkjenne:

1. Ny selskapsavtale
2. Endring av namn på selskapet – frå Ålesundsregionens Utviklingselskap til Sunnmøre Regionråd IKS.

Dette inneber eit første steg for eit meir formalisert regionalt samarbeid som innlemmer dei fleste kommunane på Sunnmøre. Det skal i det vidare utarbeidast mål og strategiar for selskapet som skal behandlast av representantskapet, slik det går fram av årsmøterefateret.

I følgje lovverket må det enkelte kommunestyre godkjenne selskapsavtalen. Det kan vere verdt å merke seg at eventuelle endringar i forslaget til avtale vil medføre ein ny runde politisk behandling i alle dei respektive medlemskommunane.

Endringane i denne fasen medfører ei omdanning og utviding av det eksisterande IKS-samarbeidet gjennom ÅRU. Endringane i denne fasen inneber ikkje nye kostnader for kommunen ut over gjeldande forpliktingar. På denne bakgrunn vil rådmannen tilrå kommunestyret å gå inn for ei endring av regionssamarbeidet gjennom å godkjenne avtalen.

Rådmann